

Intelligens som lyte

Dei supersmarte raslar med lenkene. No vil også dei skuleflinke ha støtteundervisning.

Den norske skulen trur framleis på integrering. Gruppe etter gruppe av elevar har stått fram og gjort krav på ekstra oppfølging på grunn av sine spesielle problem. No slår professor og sykkyllving Martin Ystenes til lyd for endå ei usynleg gruppe som i alle år har gått for lut og kaldt vatn i den norske skulen.


Dette er elevar som er anleis, men som likevel blir oversett av lærarane og neglijsiert av samfunnet. Vi snakkar om dei aller smartaste blant oss. «Vi har ei lita søster, vi har ein liten bror, med litt *MEIR* handbegasje enn andre born på jord». Overlegen intelligens gjer det vanskeleg for dei å kommunisere med normale born. Dei blir sjuke av å vere i feil miljø, som er mine og dine ungar. Supersmarte born får ikkje den oppfølging dei treng, klagar professoren. Eg synest det er vondt å sjå at dei ikkje får sosial kontakt med jamaldrande. Men eg ser også korleis dei blomstrar opp når dei møter nokon som matchar dei, skriv den bekymra faren til deltakarane under eit nettmøte i Aftenposten.

Her i landet er vi så gjennomsyra av likskapstenking, at vi ikkje ser problemet, refsar han og appellerer til samfunnet om hjelp. Vi prøver å sjå dei søte små offera for syttitalets sosialdemokratiske tenking for oss der dei sit ved pultane sine: Dei har løyst alle matteoppgåvene. Dei har for lengst brukt opp alle ekstraoppgåvene som den omtenksume professorfaren deira har sendt med dei på skulen. Likevel er det ein heil halvtime igjen av skuletimen som må slåast i hjel.

Det har aldri valda problem, endå vi aldri fekk reknestykka ferdige før tida. Det hindra ikkje oss i å drøyme oss bort. Kor smart er ein unge eigentleg, om ein ikkje greier å sysselsetje seg dei stundene medan kameratane endå sveittar over oppgåvene. Det er utvikla metodar i fleng: teikneseriehefte under pultlokket, behåstricken til jenta på pulten framfor eller ein iPod under gensenen.

Dei stakkars smarte borna minner svakt om den rike og dyktige forretningskvinnasom stod fram i eit vekeblad og klaga på at ho vart hemma i jobben fordi ho også var ung og modellpen. I hennar tilfelle er det eit lyte som går over med åra. Intelligensen kan vare livet ut.

Historia har mange eksempel på geniale barnegeni som komponerer storslåtte symfoniar og driv med kompliserte matematiske utreininger. Vårt inntrykk er at mange hadde hatt det mykje betre i livet om dei i hadde fått mindre spesialisert oppfølging og lengre friminutt.



(Illustrasjon: Ola Klåpbakken)



Professor og sykkyllving Martin Ystenes til lyd for endå ei usynleg gruppe som i alle år har gått for lut og kaldt vatn i den norske skulen. Bildet er frå då han var leiar i MENSA Norge. (Arkivbilde)

Det er ikkje sikkert at sjølvbildet til ein elev som alltid kjenner seg smartare enn både lærar og medelevar, er det mest utviklande. Det trengst livserfaring for å forstå at sjølv om ein er rasande flink i matematikk, kan ein vere ein klodrian i sport og ein bøf-

fel i delikate situasjonar. Det har aldri vore slik at Mensamedlemmer med dobbelt IQ fortel dobbelt så artige vit-sar.

Eplet fell oftast ikkje langt frå stammen. Ein gløgg professor får gløgge born. Det er heller ikkje unaturleg at

dei ønskjer seg ein gløggast mogleg skule. Men då blir lo- gikken at elevar som har tungt for det og med foreldre som er tette i pappen, vil ha det best blant trege medelevar og tungnemne lærarar. Den utskjelte likskapstenkinga ser det motsett: Dei flinkaste lærarane trengst mest der utfordringa er størst.

I skulen som i samfunnet er det den gamle lekse: Skil deg ut frå resten av hønsflokken, risikerer du å bli hakka på. Det gield også dei ekstra flinke. Men å fjerne dei ekstra smarte frå gjennomsnittsklassen, for å setje dei direkte inn i genioppdrett, er ikkje vegen å gå. Ein lærer mykje nyttig i omgang med vanlege folk. Det treng ein ikkje vere supersmart for å forstå.